



STORTINGET

Innst. 116 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 33 S (2024–2025)

Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke

Til Stortinget

Innledning

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Sunnfjord kommune gjennom å forlenge innkrevjinga av bompengar med fem år.

Stortinget slutta seg til Førdepakken gjennom handsaminga av Prop. 137 S (2014–2015) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane og Innst. 394 S (2014–2015). Førdepakken er ein bypakke som omfattar tjue prosjekt fordelt på kommunal veg, fylkesveg og riksveg, samt ei ramme til mindre tiltak. Bompengennekrevjinga starta opp hausten 2016 og skulle halde fram i tolv år, til hausten 2028.

Det viser seg no at det ikkje lar seg gjere å finansiere alle tiltaka i porteføljen innafor den økonomiske ramma for Førdepakken. Fleire av prosjekta har vorte meir kostnadskrevjande enn det som først vart lagt til grunn. Samtidig har gjennomsnittstaksten vore lågare enn føreset som følge av lågt passeringstak. Det økonomiske handlingsrommet for å auke bompengennektene er no utnytta, då lokale styresmakter har slutta seg til justering av grunntakstane slik at gjennomsnittstaksten i Førdepakken frå Prop. 137 S (2014–2015) vert oppretthaldt over tid.

For å finansiere dei planlagde prosjekta har Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune gått inn for å auke inntektene gjennom å utvide innkrevjingsperioden. Med det nye opplegget vert bompengennekrevjinga forlenga med fem år frå oktober 2028 til oktober 2033. Det vert ingen endringar elles i bompengennekrevjinga, takst- og rabattnivå og styring av pakken gjennom porteføljestyling. Utvida innkrevjingsperiode er rekna å gje eit bompengenebidrag på 615 mill. 2024-kroner og ytterlegare 126 mill. kroner i mva.-kompensasjon. Då vert det mogleg å finansiere alle dei tjue tiltaka i Førdepakken.

I Prop. 137 S (2014–2015) er det lagt opp til å bygge ut 20 prosjekt i Førdepakken. Fire av desse prosjekta er slått saman til to prosjekt, slik at det no er 18 prosjekt totalt. Desse er fordelt på seks prosjekt på kommunal veg (kv.), sju på fylkesveg (fv.) og fem på riksveg (rv.). Utbygginga starta opp i 2015.

Alle prosjekta på riksveg og kommunal veg er ferdigstilt eller under bygging, medan tre prosjekt står att på fylkesveg. Sjølv om prosjekta er fullførte, hadde dei fleste av desse attståande kostnader til grunnerv og sluttavrekning per 31. desember 2023. Pågåande prosjekt er i prosjekterings- eller byggefase, medan attståande prosjekt er i reguleringsfase.

Finansieringa av Førdepakken for perioden 2016–2028 var basert på bompengar, kommunale midlar, fylkeskommunale midlar og statlege midlar, i tillegg til mva.-refusjon innanfor ei økonomisk ramme på totalt 1 650 mill. 2015-kroner. Av dette var bompengenebidraget føreset å utgjere 983 mill. 2015-kroner.

Fram til utgangen av 2023 hadde Førdepakken finansiert prosjekt til ein samla kostnad på 1 221 mill. 2024-kroner. Av dette utgjer bompengenebidraget 667 mill. kroner. Staten har bidrege med 186 mill. kroner,

medan fylkeskommunen og kommunen har bidrege med høvesvis 151 mill. kroner og 217 mill. kroner inkl. mva.-kompensasjon. Tala er oppjustert frå 2023-kroner til 2024-kroner med bruk av ein budsjettindeks på 4 pst. Frå innkrevjinga av bompengar starta i 2016 og fram til utgangen av 2023 vart det kravd inn 778 mill. i laupande kroner. Likviditeten i Førdepakken er god, og pakken har ikkje gjeld.

Det reviderte finansieringsopplegget med forlenging av bompengennkrevjinga i perioden 2028–2033 er rekna å gje eit bompengebidrag på 615 mill. kroner. Det er også lagt til grunn ytterlegare 126 mill. kroner i mva.-kompensasjon. Saman med midlane som står att frå tidlegare, gjev dette ei total ramme til vegprosjekt i perioden 2024–2033 på 2 157 mill. 2024-kroner.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jone Blikra, Tom Einar Karlsen og Marte Mjøs Persen, fra Høyre, Liv Kari Eskeland, Trond Helleland og Erlend Larsen, fra Senterpartiet, lederen Sigbjørn Gjelsvik, Geir Inge Lien og Maksim Guttormsen Råskhof, fra Fremskrittspartiet, Morten Stordalen og Frank Edvard Sve, fra Sosialistisk Venstreparti, Mona Fagerås, og fra Venstre, André N. Skjelstad, viser til Prop. 33 S (2024–2025) Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke. Komiteen viser vidare til at det reviderte finansieringsopplegget er en videreføring av bompengennkrevningen i Førdepakken, som fikk tilslutning i Stortinget gjennom Prop. 137 S (2014–2015) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane, jf. Innst. 394 S (2014–2015).

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til at det ikke har vært mulig å finansiere alle tiltakene i porteføljen innenfor de økonomiske rammene for pakken, da gjennomsnittstakstene har vært lavere enn forutsatt på grunn av et lavt passeringstak og at enkelte av prosjektene har vært svært kostnadskrevende.

Flertallet viser til at det er bred lokalpolitisk tilslutning til det reviderte finansieringsopplegget. Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune har likelydende vedtak om at det er stort behov for å realisere prosjektene i Førdepakken, og tilslutter seg dermed en utvidelse av innkrevningsperioden med fem år. Flertallet merker seg at Vestland fylkeskommune forlenger sitt garantiansvar for prosjektet, begrenset til 660 mill. kroner.

Flertallet viser til at det etter sammenslåing av to prosjekter er 18 gjenstående prosjekter i Førdepakken.

Den utvidede innkrevningsperioden er beregnet å gi et bompengebidrag på 615 mill. 2024-kroner og 126 mill. kroner i momskompensasjon. Flertallet merker seg at det skal være mulig å finansiere de resterende prosjektene i Førdepakken innenfor denne rammen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er motstander av dagens bypakkeordning, som er basert på at bilistene gjennom bompenger skal finansiere størstedelen av veinvesteringene. Disse medlemmer viser til at Fremskrittspartiet mener det er det offentlige som skal ha ansvaret både for utbygging og finansiering av veinettet. Disse medlemmer mener vidare det er uholdbart at også andre trafikanters transporthverdag skal finansieres av bilistene gjennom bompenger.

Disse medlemmer viser til at det som følge av blant annet kostnadsøkninger ikke lar seg gjøre å finansiere alle prosjektene innenfor den opprinnelige økonomiske rammen. Disse medlemmer avviser proposisjonens forslag om at det er bilistene som skal bære det finansielle ansvaret for kostnadsøkningene når bompengebidraget økes med 615 mill. 2024-kroner. Disse medlemmer legger til grunn at de resterende veiprojektene skal gjennomføres, men at det er det offentlige, ikke bilistene, som skal ta regningen for kostnadsøkningene.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Prop. 33 S (2024–2025) Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke sendes tilbake til regjeringen.»

«Stortinget ber regjeringen raskt fremme forslag om offentlig finansiert utbygging av prosjektene i Førdepakken. Det forutsettes at prosjektene gir bedre fremkommelighet for bilistene.»

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti merker seg behovet for å revidere finansieringsopplegget for Førdepakken, men vil peke på at det som blir foreslått, ikke følger opp forutsetningene i Prop. 137 S (2014–2015) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane, jf. Innst. 394 S (2014–2015). Forutsetningen var at utbyggingen måtte tilpasses den økonomiske rammen. Altså at dersom kostnadene for noen av tiltakene økte, ville dette innebære at andre tiltak ikke ville bli gjennomført. Nå velger man å utvide finansieringen og dermed bompengeperioden, uten at tiltakene er revidert og prioritert. Dette medlem vil understreke at man i den videre gjennomføringen av prosjektet bør se på hvilke tiltak som skal prioriteres først og sist. Sosialistisk Venstreparti lokalt har pekt på at nye trafikkanalysen viser at det er endret behov knyttet til tiltak 1, bilbro over Jølstra ved Førdehuset. Det vil være tilstrekkelig med en gang- og sykkel-

bro. Videre viser analysene at tiltak 20 (vei fra Øyrane til Haldbrendsøyra) vil være viktig for å få bort trafikkproblemene i rushtiden på rv. 5 som går gjennom Førde sentrum. Dette medlem mener derfor at det bør åpnes for å erstatte bilbroen i tiltak 1 med en gang- og sykkelbro og prioritere tiltak 20 for gjennomføring, før tiltak 1 og bilbro. Dette vil trolig kunne skape økonomisk rom for å gjennomføre mindre sentrumstiltak som det nå ikke er satt av midler til. Dette er tiltak som er viktige for flyten i trafikken, og som kan bedre forholdene spesielt for gående og syklende.

Komiteens medlem fra Venstre viser til at det er lokal enighet om å videreføre bompengefinansieringen for de gjenværende tiltakene i Førdepakken. Dette medlem merker seg at tiltakene har blitt dyrere som følge av prisstigning, og at det uten forlengelsen ikke vil være mulig å gjennomføre de resterende tiltakene.

Samtidig merker dette medlem seg at forlengelsen overskrider hovedregelen om en maksimal innkretingstid på 15 år for bompengefinansierte veiprojekter. Dette medlem påpeker imidlertid at svært høye bompengetakster over en kortere tidsperiode kan være belastende for folks økonomiske situasjon i en hverdag der de kan være avhengige av å bruke bil til daglige gjøremål.

Dette medlem viser derfor til Representantforslag 255 S (2022–2023) fra Venstre hvor det ble foreslått å innføre en ordning der bompenger på riks- og fylkesveier i distriktene kan få opptil 30 års nedbetalingstid, der det er lokal tilslutning og ønske om dette.

Forslag fra mindretall

Forslag fra Fremskrittspartiet:

Forslag 1

Prop. 33 S (2024–2025) Revidert finansieringsopplegg for Førdepakken i Vestland fylke sendes tilbake til regjeringen.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen raskt fremme forslag om offentlig finansiert utbygging av prosjektene i Førdepakken. Det forutsettes at prosjektene gir bedre fremkommelighet for bilistene.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og råar Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

1. Stortinget sluttar seg til forslag om revidert Førdepakke og samtykker i at bompengeselskapet Ferde AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar fram til oktober 2033.
2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet Ferde AS. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor føresetnadene i Prop. 33 S (2024–2025).

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 14. januar 2025

Sigbjørn Gjelsvik

leder og ordfører

